



Handlingsplan for nettverket i Helse Fonna 2024

Målsetting for nettverket

Målet for nettverket av ressurspersonar i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med trong for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

I Helse Fonna er det til saman 146 ressurspersonar, fordelt på 119 sjukepleiarar og 27 ergo- og fysioterapeutar pr november 2023. Dei representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

Satsingsområde frå Strategiplan for nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, Helseregion Vest.

I 2024 vil ein ha fokus på desse emna:

- Tema på årleg fagdag 12. mars 2024: «Når er nok nok?»
- Tema på nettverksmøta vår og haust:
- «Pakkeforløp hjem» og
- «Kva blir viktig i den psykososiale oppfølginga for den enkelte etter alvorleg sjukdom?»
- Hospitering
- Å få enda betre innarbeidd møte mellom ressursperson og næraste leiar (mal for møte ressursperson-leiar er utarbeidd)
- Fokus på ny IP og undervisningsopplegg til denne
- Arrangera lokal palliativ fagdag hausten 2024
- Arrangera introduksjonskurs hausten 2024
- Ei større markering av Verdsdagen for lindrande behandling hausten 2024

Rolla til ressurspersonane vil framleis stå i fokus og bli gjennomgått og drøfta på nettverksmøta.

Sjukepleienettverket i 2024

Plan for arbeidet til ressurspersonane

1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen:

Ressurspersonane skal

- Ha minst eit møte med leiar og lage handlingsplan for arbeidet som ressursperson
- Vere ressursperson og rollemodell for sine kollegaer i arbeidet med kreftomsorg og palliasjon
- Fremma tverrfagleg samarbeid ved å bidra til å trekke inn relevante yrkesgrupper

- Ha internundervisning samt vidareformidla kunnskap til kollegaer på sin arbeidsplass etter nettverksmøte og årleg fagdag
- Bruke ESAS-r for palliative pasientar
- Vere med i utarbeiding av minst ein Individuell Plan innan palliasjon
- Gjera seg kjend med og vera pådrivar for kollegaer i å bruke hospiteringsordninga i Helse Fonna-området

2. Samhandling – systemarbeid:

Samhandling er fast tema på nettverksmøta. Ressurspersonane vert oppmoda til å bruka Individuell Plan, som er eit viktig verktøy for å fremma god samhandling som kjem den enkelte pasient og pårørende til gode. Hospitering kan og bidra til å fremma samhandling ved at ein får kjennskap til kvarandre sin kompetanse og arbeidssituasjon.

Systemarbeid: Arbeide for å få ESAS-r inn i dokumentasjonssystem og kvalitetshandbok.

3. Kompetanseheving:

Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan.

Tema for 2023:

- Tema på nettverksmøta:
- «Pakkeforløp hjem» og «Psykososial oppfølging» i alle nettverka fordelt på vår og haust.
- Tema på årleg fagdag: «Når er nok nok?»

Driftsgruppa for nettverket har tidlegare fått tildelt kompetansemiddel frå Statsforvaltaren. I 2023 fekk driftsgruppa avslag på søknad om kompetansemiddel, og har difor ikkje lenger kompetansemiddel å fordela.

Fastlege i vertskommunen, sjukeheimslege eller sjukehuslege vert invitert til å ha eit innlegg på den faglege delen av nettverksmøtet, omkring temaet «Samarbeid rundt pasientar i palliativ fase og pasientar med kreftdiagnose»:

- Korleis fremma samarbeidet sjukepleiar - lege sett frå legen sin ståstad
- Kva utfordringar møter ein som lege i arbeidet med pasientar i palliativ fase
- Kva moglegheiter ser legen for vidare samarbeid med lokal ressursperson

Ei arbeidsgruppe i driftsgruppa arbeidar med å gjera invitasjonen meir konkret og informativ.

Plan for nettverksmøta

Det går på omgang mellom dei ulike kommunane og sjukehusa å arrangera nettverksmøta. Ressursperson i arrangørkommunen/sjukehuset har ansvar for å skaffa lokale, ta imot påmelding, invitera lokal fastlege/sjukeheimslege/avdelingslege, ynskja velkommen i starten av møtet, ordna med lunsj og skriva referat frå dagen. Ressurspersonane i vertskommunane vert også utfordra på å presentera eit case til fagleg drøfting og etisk refleksjon.

Ein vil fortsetja med å setja av første halvdel av møtet til refleksjon og erfaringsutveksling, der alle vert utfordra på å dela noko frå sitt arbeid som ressursperson. Me ynskjer framleis å ha fokus på refleksjon rundt rolla som ressursperson.

Nettverksmøte våren 2024:

Nettverk Indre Haugalandet	7. mai i Suldal
Nettverk Hardanger	2. april Eide Omsorgssenter
Nettverk Sunnhordland	21. mai Tysnes Omsorgssenter
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	23. april Stemhaugmarka Bofellesskap
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	30. april Nedstrandtunet
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	9. april Bjørgene sykehjem

Nettverksmøte hausten 2024:

Nettverk Indre Haugalandet	15. oktober i Vindafjord
Nettverk Hardanger	24. september Heimebasert omsorg Odda
Nettverk Sunnhordland	22. oktober Knutsåsen omsorgssenter Stord
Nettverk Ytre Haugalandet Nord	5. november Kopervik sykehjem
Nettverk Ytre Haugalandet Midt	29. oktober Sveio omsorgssenter
Nettverk Ytre Haugalandet Sør	17. september Hjemmetjenesten Midt Karmøy

Plan for arbeidet i driftsgruppa

Planlagde møte i driftsgruppa i 2024:

6. februar på Haugesund sjukehus

28. mai på HVL

3. september på Odda sjukehus

19. november på Stord sjukehus

Introduksjonskurs

Introduksjonskurs for nye ressurspersonar og deira leiarar vert arrangert 1. oktober 2024. Ei arbeidsgruppe i driftsgruppa jobbar med planlegging av dette.

Fagdag i grunnleggande palliasjon

Denne fagdagen vil ha fokus på det grunnleggande innan palliasjon og er spesielt retta mot nye ressurspersonar i nettverket. Fagdagen vert arrangert 26. november 2024.

Årleg fagdag

Årleg fagdag 2024 vert arrangert 12. mars.

Ei gruppe frå driftsgruppa har ansvaret for planlegginga, saman med representant frå fysioterapi- og ergoterapinettverket.

Målgruppe for fagdagen er ressursjukepleiarar, ressursfysioterapeutar og- ergoterapeutar i nettverket og deira leiarar.

Tema: «Når er nok nok?»

Nyheitsbrev

Vår og haust 2024 vil det bli sendt ut informasjonsbrev til alle ressurspersonar og deira leiarar.

Velkomstbrev

Leiar i driftsgruppa sender ut velkomstbrev til alle nye ressurspersonar i nettverket i Helse Fonna.

Rapportering frå ressursjukepleiarar og leiarar

Den årlege rapporteringa er web-basert. Resultata vert vanlegvis presenterte på årleg fagdag. Rapporteringa er ei av dei faste oppgåvene til ressurspersonane. Vi ynskjer og rapportering frå leiarane. Rapporteringa er viktig for å evaluere arbeidet i nettverket og planlegge vidare.

Nettsider

Nettverket i Helse Fonna har si eiga nettside under KLB si heimeside. Innhald i perm for ressursjukepleiarane er lagt ut på heimesida.

Alle nettverksmøta vert annonserte fortløpande og undervisning frå årleg fagdag er å finna der i ei avgrensa periode etterpå.

Informasjon om nettverket

Ressurspersonane skal informera om nettverket og si eiga rolle til aktuelle samarbeidspartnarar.

Ressurspersonane i nettverket har ei mål til å bere på uniforma for å syne funksjonen. Leiarane har eit særskilt ansvar for å informere om nettverket i eigen organisasjon.

Fysioterapi- og ergoterapinettverket i 2024

Målsetting for fysioterapi- og ergoterapinettverket er å:

- Auka fysioterapeutar og ergoterapeutar sin kompetanse, interesse og engasjement for palliasjon
- Skapa eit forum for samhandling mellom fysioterapeutar og ergoterapeutar på dei ulike nivåa og dermed fremma samarbeid og behandlingsflyt i fysioterapi- og ergoterapitenesta
- Fremma samarbeid med andre faggrupper

Satsingsområde frå strategiplanen:

Det er vald ut satsingsområde for nettverket frå strategiplanen. I 2024 vil ein ha fokus på mellom anna desse emna:

- Fremme fokus på palliasjon på ressurspersonen sin arbeidsplass gjennom kompetanseformidling, til eks. via fagdag og nettverksmøte.
- Oppfordre til at ressurspersonane bruker rolla si aktivt på kvar enkelt arbeidsplass og kommune/sjukehus.
- Stimulere ressurspersonar til hospitering på tvers av nivå.
- Arbeide for at minimum 80 % av ressurspersonane har innarbeidd rutine for å informere sine kollegaer etter nettverksmøte og fagdagar.
- Årleg fagdag for fysioterapeutar og ergoterapeutar november 2024. Tema vil bli vald med utgangspunkt i strategiplan, kompetansekrav og tilbakemeldingar frå ressurspersonane.
- «Når er nok nok?». Tema på årleg felles fagdag 2024

Når det gjeld kompetanseheving, vil ein oppmoda ressurspersonane til å hospitera både i kommunar og på sjukehus hjå ressurspersonar og i palliativt team.

Det vert arbeidd vidare med å rekruttera fleire ressurspersonar til fysioterapi- og ergoterapinettverket, og det vil spesielt bli lagt vekt på å rekruttera fleire ergoterapeutar til nettverket.

Desember 2023

Driftsgruppa for sjukepleienettverket ved leiar Grete Skeie Sørhus

Driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket ved leiar Karoline Berge